

# Ny tid for Hardanger?

Flytting mellom 2007 og 2010 i lys av tidlegare år

Desember 2011

AUD-rapport nr. 14.2-11

ANALYSE

UTGREIING

DOKUMENTASJON



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	”Ny tid for Hardanger? Flytting mellom 2007 og 2010 i lys av tidlegare år”
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 14.2-11 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Dato:	22. desember 2011
Forfattar:	Stian Skår Ludvigsen, PhD
Tlf:	55 23 92 79
E-post:	<a href="mailto:stian.ludvigsen@hfk.no">stian.ludvigsen@hfk.no</a>

## Innhald

Figurar .....	3
Tabellar.....	3
Innleiing.....	4
Hovudtrekk.....	4
Folketalsutvikling.....	9
Flytting etter alder og kjønn.....	13
Flyttematrise, 2007-2010.....	22
Konklusjon .....	22

## Figurar

Figur 1: Inn-, ut- og nettoflytting til/frå Hardanger, 1986-2010 .....	5
Figur 2: Folkevekst etter bidrag, 1986-2010 .....	6
Figur 3: Tilflyttarar til Hardanger etter område, 1986-2010 .....	8
Figur 4: Fråflyttarar frå Hardanger etter område, 1986-2010 .....	8
Figur 5: Nettoflytting til/frå Hardanger etter område, 1986-2010 .....	9
Figur 6: Folketalsutvikling, kommunane i Hardanger, 1986-2011 .....	10
Figur 7: Framskrive folketal for kommunane i Hardanger, SSB MMMM, 2012-2040.....	10
Figur 8: Framskrive folketal for Hardanger, fire ulike alternativ, 2012-2040.....	12
Figur 9: Framskrive tal 0-åringar i Hardanger, fire ulike alternativ, 2012-2040.....	12
Figur 10: Innflyttarar til Hardanger, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010.....	13
Figur 11: Utflyttarar frå Hardanger, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010.....	14
Figur 12: Innflytting i prosent av folketal, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010 .....	14
Figur 13: Utflytting i prosent av folketal, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010.....	15
Figur 14: Brutto- og nettoflytting etter kjønn og alder, 2007-2010.....	16
Figur 15: Bruttoflytting blant menn etter alder (16-55), 1999-02, 2003-06, 2007-10.....	17
Figur 16: Bruttoflytting blant menn etter alder (16-55), prosent av innbyggjarar .....	17
Figur 17: Bruttoflytting blant kvinner etter alder (16-55), 1999-02, 2003-06, 2007-10 .....	18
Figur 18: Bruttoflytting blant kvinner etter alder (16-55), prosent av innbyggjarar.....	19
Figur 19: Nettoflytting blant kvinner og menn etter alder (0-50), 1999-02, 2003-06, 2007-10 .....	19

## Tabellar

Tabell 1: Brutto flyttetel, 2007-2010.....	20
Tabell 2: Nettoflytting, 2007-2010 .....	21

## Innleiing

Hordaland fylkeskommune har delteke i prosjektet "Flytt til Hardanger" i lag med Hardangerrådet og hardangerkommunane. Hardangerkommunane er Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Første del av prosjektet starta i mai 2007, og hadde som hovudmål å oppnå ein positiv flyttestraum ved å marknadsføre regionen sine tilbod og kvalitetar.

Tidleg i dette prosjektet leverte fylkeskommunen to rapportar frå Analyse, utgreiing og dokumentasjon: ein om flyttemotiv blant 31-åringar<sup>1</sup> og ein om utflytting frå Hardanger frå 1986 til 2007.<sup>2</sup>

Første del av prosjektet er no over, og andre del (bustadplan) er ved å starte opp. Ved prosjektavslutning av del 1 blir det levert to nye rapportar frå stabseininga Analyse, utgreiing og dokumentasjon i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune: AUD-rapport nr. 14.1-11 som gir resultatata frå ei spørjeundersøking sendt til alle hushald som har flytta til Hardanger i perioden 2008 til og med 2010, og denne rapporten – som har fått nummer 14.2-11 – er eit nytt blikk på flyttestraumane der flyttedata frå prosjektperioden er teken med.

Denne rapporten er delt inn i fire kapittel i tillegg til innleiing og konklusjon: først ei skildring av hovudtrekka i flyttestraumane, deretter litt meir detaljert om historisk og venta folketalsutvikling, så eit kapittel om flytting etter alder og kjønn, og til sist flyttematriser for dei siste fire åra.

Rapporten viser at redusert utflytting er den viktigaste hendinga i perioden, og vi meiner dette kan tilskrivast prosjektet. Det er færre som flyttar frå Hardanger, men det er òg fleire som flyttar til Hardanger, og dei tek med seg barn. Vi kan ikkje sjå nokre negative effektar av *Flytt til Hardanger*.

Vi konkluderer derfor med at første prosjektfase av *Flytt til Hardanger* har vore vellukka, målt etter hovudmålet som er å oppnå ein positiv flyttestraum.

## Hovudtrekk

Figur 1 viser innflytting, utflytting og nettoflytting til/frå Hardanger frå 1986 til og med 2010. Figur 2 viser netto innanlandsk flytting, nettoinnvandring, fødselsoverskot og samla folkevekst. Flytting internt i Hardanger er ikkje medrekna.

Hardanger har hatt ei aukande tilflytting sidan 2003, og ei redusert utflytting sidan 2006. Med unnatak av 1986, hadde Hardanger den største nettoutflyttinga i 2002 (-231 personar), og den største nettotilflyttinga i 2009 (+180 personar).


Av dei siste 25 åra er det berre fire år at Hardanger har hatt eit flytteoverskot (figur 1), og det er berre tre år at det har vore samla folkevekst i Hardanger (figur 2).

Fødselsunderskotet er kraftig medverkande til den negative folkeveksten. Sist Hardanger hadde fødselsoverskot var i 2000, og einskilde år er fødselsunderskotet *større enn* nettoflyttinga.

---


<sup>1</sup> AUD-rapport (juni 2008): "Flytting til Hardanger - unge vaksne sine preferansar og praksisar", <http://bit.ly/Flytt1>

<sup>2</sup> AUD-rapport (august 2008): "Utflyttingar frå Hardanger 1986 - 2007", <http://bit.ly/Utflytt07>



Figur 1: Inn-, ut- og nettoflytting til/frå Hardanger, 1986-2010

Kjelde: PANDA



Figur 2: Folkevekst etter bidrag, 1986-2010

Kjilde: PANDA

Figur 3 viser utviklinga i tilflytting frå bergensregionen, andre norske storbyar, resten av Noreg, og utlandet. Figur 4 viser tilsvarende utvikling i fråflyttinga, og figur 5 viser netttotala. På grunn av høg grad av flytting mellom Hardanger og haugesundregionen, blir bu- og arbeidsmarknadsregion (BA-region) Haugesund rekna saman med regionane rundt Oslo, Trondheim og Stavanger.

Som figur 3 viser, hadde Hardanger høg innvandring i alle dei fire åra Hardanger hadde flytteoverskot. Den høgste innvandringa kom i 2009 (320 innflyttarar), men den nest høgst innvandringa kom allereie i 1993 (315 innflyttarar). Den høgste utvandringa var i 1992 (141 utvandrarar), og den nest høgste i 2001 (134 utvandrarar).

I alle desse åra har Hardanger hatt eit positivt bytteforhold med utlandet, med 269 personar i pluss på det meste (2009) og 18 personar i pluss på det minste (1988).

Tilflyttinga frå utlandet følgjer ein sterkt aukande trend med store svingingar (figur 3), mens utflyttinga til utlandet følgjer ein svakt minkande trend (figur 4). I sum gir dette ein positiv trend for Hardanger (figur 5, sjå òg figur 2), også om vi ser bort frå formtoppane (1992, 1999, 2008-10).

Bytteforholdet mellom Hardanger og Noreg er derimot ikkje så godt. Netto er utviklinga nokså flat (figur 5), med ei lita betring frå 2006 og framover. Mellom Hardanger og BA-region Bergen (inkl. Austevoll og Nordhordland), har mengda tilflyttarar halde seg jamt, mens mengda utflyttarar har auka forsiktig fram til 2005. Etter 2005, ser det ut som om trenden er broten, og færre flyttar frå Hardanger til bergensregionen.


Heller ikkje frå BA-regionane Oslo, Stavanger, Haugesund og Trondheim har det vore noko særleg endring i tilflyttarar. I mengda utflyttarar har det derimot vore ei positiv utvikling for Hardanger, med jamt minkande mengde utflyttarar etter 1993.

Mellom Hardanger og resten av landet går både mengda utflyttarar og mengda tilflyttarar ned.

Ser vi bort frå innvandring, er det i hovudsak ikkje mengda innflyttarar som bidreg til den positive utviklinga i nettoflyttinga dei siste åra, men den reduserte mengda utflyttarar. Soleis, kan *Flytt til Hardanger*-kampanjen ha vore mest vellukka som ein *ikkje-flytt-frå-Hardanger*-kampanje.


Fødselar kan ikkje sjåast separat frå flytting. Fødselsunderskotet i Hardanger er eit problem. Det er snart tolv år sidan sist Hardanger hadde fødselsoverskot. Desse barna er snart i ungdomsskolealder, og om få år flyttar dei frå Hardanger for å få seg vidaregåande utdanning og arbeidserfaring. Om dei busett seg og får barn andre stader, kan *eigenrekrutteringa* som ligg i fødselsoverskotet frå 2000 gå tapt.

Tal på flytting etter kjønn og alder vil vise om Hardanger ligg an til å få ei berekraftig utvikling. Vi skal derfor gå meir detaljert inn i Hardanger si nyare flyttehistorie, men først vil vi vise folketalsprognosane for Hardanger, deretter skal vi sjå på flytting etter kjønn og alder. Til sist i rapporten ligg ei flyttematrise for flyttinga sidan 2007.



**Figur 3: Tilflytтарar til Hardanger etter område, 1986-2010**


Kjelde: PANDA



**Figur 4: Fråflytтарar frå Hardanger etter område, 1986-2010**

Kjelde: PANDA





**Figur 5: Nettoflytting til/frå Hardanger etter område, 1986-2010**  
Kjelde: PANDA

## Folketalsutvikling


Figur 6 viser folketalsutviklinga for kvar kommune og for Hardanger samla frå 1. januar 1986 til 1. januar 2011. Gjennom desse 25 åra har folketallet samla gått ned 12,5 %, frå 26 175 til 22 897 – tilsvarende -0,5 % årleg. Halvparten av den samla folketalsnedgangen har vore i Odda: ned 1 674 personar (-19 %, tilsvarende -0,9 % årleg). Størst prosentmessig folketalsnedgang har vore i Jondal: ned 20 % (-265 personar, -0,9 % årleg). Minst prosentmessig nedgang har vore i Kvam: ned 3,5 % (-312 personar, -0,15 % årleg).

Figur 7 viser den venta folketalsutviklinga etter SSB sin middelpåprognose (MMMM) frå juni 2011.<sup>3</sup> Hardanger er samla venta å vekse med 6,5 % (årleg 0,2 %) og 1 494 innbyggjarar fram mot 2040. Sju av ti ekstra innbyggjarar er venta å kome i Kvam (+ 1 079, 12,8 %, årleg 0,4 %), men den prosentmessig sterkaste veksten er venta å kome i Eidfjord (+ 399, 41,6 %, årleg 1,2 %).

Ein årleg vekst på 1,2 % er litt over gjennomsnittet for Hordaland (1,05 %), og er den åttande sterkaste venta veksten av kommunane i Hordaland. Vi kan samanlikne denne framskrivinga med den førre framskrivinga til SSB (juni 2010). Da må vi sjå på veksten fram mot 2030. I 2011-framskrivinga er Eidfjord venta å ha ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,4 % fram til 2030, mens Eidfjord i 2010-framskrivinga berre var venta å ha ein gjennomsnittleg årleg vekst på 0,9 %.


Ulvik, Jondal og Granvin er venta å ha ein nedgang i folketallet fram mot 2040.

<sup>3</sup> Sjå [www.ssb.no/folkfram](http://www.ssb.no/folkfram) for detaljar om framskrivinga.



Figur 6: Folketalsutvikling, kommunane i Hardanger, 1986-2011

Kjelde: SSB via [statistikk.igest.no](http://statistikk.igest.no)



Figur 7: Framskrive folketal for kommunane i Hardanger, SSB MMMM, 2012-2040

Kjelde: SSB via [statistikk.igest.no](http://statistikk.igest.no)

Små kommunar er sårbare for små svingingar i tala. Etter 2010-framskrivinga var Eidfjord venta å vekse med 9 innbyggjarar innan 1. januar 2011. Kommunen voks berre med 1. Etter 2011-framskrivinga er Eidfjord venta å vekse med 6 innbyggjarar innan 1. januar 2012. Innan 1. oktober 2011 hadde kommunen berre vakse med 1. Dette er små forskjellar i absolutte tal, men i relative tal er forskjellane store for ei lita kommune. Etter 2010-framskrivinga var Eidfjord venta å ha 993 innbyggjarar den 1. januar 2012. 1. oktober 2011 hadde dei berre 960. Dette var ein venta vekst på 3,7 %, mot ein oppnådd vekst på 0,2 %.

Det er derfor stor usikkerheit rundt prognosane for den einskilde kommune, og vi er best tent med å sjå regionen under eitt. Framskrivningane er ikkje fasit for kva som vil skje, men ei beste gjetting frå SSB om kva folketalet vil bli. Dei må leggje inn føresetnader om venta flyttemønster, venta innvandring, venta fødsjar og venta dødsfall. SSB legg ikkje inn føresetnader om bustadmarknaden og arbeidsmarknaden. Sjølv om dei treff med flyttemønster, innvandring, fødsjar og dødsfall, må det vere bustad til alle og arbeid til alle som ønskjer dette. Framskrivningane kan derfor ikkje nyttast som eit presist mål på kor mange innbyggjarar kommunane vil ha i framtida, men som eit teikn på kva ein kan vente seg av endringar dersom forholda ligg til rette (bustad og arbeid).


Ein nyttig måte å sjå på framskrivingane er å samanlikne dei ulike alternativa. I figur 8 har vi vist korleis SSB ventar seg at folketalet i Hardanger vil utvikle seg dersom vi får: A) høg nasjonal vekst (alternativ HHMH), B) middels nasjonal vekst (alternativ MMMM), C) inga flytting eller innvandring (alternativ MM00), D) flytting men inga nettoinnvandring (alternativ MMM0).

Alternativ MMM0 (flytting men inga nettoinnvandring) vil vere det alternativet som fører til størst folketalreduksjon. Dette illustrerer kor viktig innvandringa vil vere for Hardanger. Saman med alternativ MMM0 illustrerer alternativ MM00 det negative bidraget frå utflyttinga frå Hardanger. Om vi kunne nekte folk å flytte på seg, ville Hardanger hatt ein betre utvikling enn om vi tillet folk å flytte innanlands. Differansen MMM0-MM00 viser altså det negative bidraget flytting har på folkeveksten, mens differansen MMMM-MMM0 viser det positive bidraget innvandring har på folkeveksten.

Høgalternativet (HHMH) viser korleis det kan gå om vi har høge fødselsratar, høg aldring, middels innanlands flytting og høg innvandring. Sjølv med dette høgalternativet, er den venta folkeveksten moderat samanlikna med MMMM-alternativet for andre regionar i Hordaland, og innvandring er det desidert viktigaste bidraget til den ekstra folkeveksten i HHMH-alternativet (innvandring vil i snitt utgjere 72 % av den ekstra folkeveksten). Internasjonale forhold – heller enn nasjonale eller lokale – vil vere avgjerande for kva vekst Hardanger vil få.


Eigenrekrutteringa i Hardanger er òg avhengig av innvandring. Vi har ikkje framskrivingar på kommune- eller regionnivå over venta fødselsoverskot, men vi har tal på kor mange 0-åringar SSB ventar seg. Figur 9 viser dette i dei same alternativa som figur 8. Her ser vi òg at talet nyfødde vil gå ned om innvandringa stoppar. Sidan vi ikkje kan framskrive talet daude, kan vi ikkje seie sikkert korleis fødselsoverskotet vil utvikle seg, men gjennomsnittsalderen i Hardanger er venta å auke frå 42 år i dag til 45 år i 2040, og ein så kraftig aldrande befolkning vil ha låge fødselstal og høge dødstal. Sjølv ved det best tenkjelege alternativet (HHMH), vil talet nyfødde neppe vere motvekt til dødstala.

Figur 9 viser noko anna viktig: om Hardanger klarar å stogge utflyttinga, vil talet nyfødde vere på nivå med talet nyfødde i MMMM-alternativet, sjølv om Hardanger ikkje skulle få nokon innvandrarar. For



**Figur 8: Framskrive folketal for Hardanger, fire ulike alternativ, 2012-2040**

Kjelde: SSB via [statistikk.igest.no](http://statistikk.igest.no)



**Figur 9: Framskrive tal 0-åringar i Hardanger, fire ulike alternativ, 2012-2040**

Kjelde: SSB via [statistikk.igest.no](http://statistikk.igest.no)

å ha ein berekraftig folkevekst, må regionen forsøke å halde på sine unge kvinner, evt. lokke dei heim før dei slår rot andre stader.


Det bringer oss til neste tema: flytting etter alder og kjønn.

## Flytting etter alder og kjønn

Figur 10 og 11 viser høvesvis innflyttarar og utflyttarar fordelt på alder og kjønn. I begge figurane ser vi eit tydeleg brot etter 2005/2006, men ser vi på kjønn og alder, ser vi at det er mindre utflytting av kvinner som utgjer mest av reduksjonen i utflytting dei siste åra, mens det er menn mellom 28 og 40, samt andre aldersgrupper av begge kjønn, som utgjer mest av auken i innflytting.<sup>4</sup>

Figur 12 og 13 viser dei relative flyttetala. Innflyttingsrate (figur 12) er tal innflyttarar i året i prosent av talet innbyggjarar i den aktuelle gruppa ved inngangen av året, og utflyttingsrate (figur 13) er tilsvarande tal utflyttarar. Fordi tala er i prosent, kan vi ikkje stable grafane slik vi har gjort i figur 10 og 11. Det er enklare å sjå utviklingstrekk i dei relative tala.


Som vi ser av figur 12, svingar innflyttingsratane for kvinner og menn mellom 18 og 27 ganske mykje, men svingingane er nokså stabile, utan (klar) trend. For andre aldersgrupper av begge kjønn, er det mindre svingingar, men der kan ein sjå ein viss positiv trend frå 2000-talet. Ei klar positiv utvikling har det derimot vore blant kvinner og menn mellom 28 og 40.



Figur 10: Innflyttarar til Hardanger, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010


Kjelde: PANDA

<sup>4</sup> I forhold til 2005/06 flytta det i 2009/10 inn to fleire kvinner 18-27 år, 47 fleire kvinner 28-40 år, 16 færre menn 18-27 år, 102 fleire menn 28-40 år, og 152 fleire i andre aldrar. Ut flytta det 128 færre kvinner 18-27 år, 63 færre kvinner 28-40 år, 29 færre menn 18-27 år, 57 færre menn 28-40 år, og 102 færre i andre aldrar.




**Figur 11: Utflytтарar frå Hardanger, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010**

Kjelde: PANDA



**Figur 12: Innflytting i prosent av folketal, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010**

Kjelde: PANDA




Figur 13: Utflytting i prosent av folketal, etter kjønn og aldersgrupper, 1986-2010

Kjelde: PANDA

Ser vi på utflyttingsratane (figur 13), har det for fleire grupper vore ein auke fram mot 2005/2006, for deretter å gå merkbart ned.

For aldersgruppa 28-40 er det auka innflytting heller enn redusert utflytting som gir ei positiv utvikling, mens det for dei mellom 18 og 27 – og spesielt for kvinnene – er redusert utflytting heller enn auka innflytting som bidreg positivt.<sup>5</sup>

<sup>5</sup> Redusert utflytting av personar i universitets- og høgskolealder kan bety at færre tar høgare utdanning. Saman med innflytting av lågutdanna og yrkesfagutdanna arbeidsinnvandrarakar kan dette medføre lågare utdanningsnivå i befolkninga. Figuren under viser utdanningsnivået i Hardanger (prosent med høgste oppgjeve utdanning), og vi ser der at delen med kort universitets- og høgskuleutdanning har flata ut. Vi ser òg at uoppgjeve eller inga fullført utdanning aukar kraftig. Dette skuldast innvandrarakar med ukjend utdanning. Kjelde: SSB via statistikk.ivist.no.




Dei siste figurane viser flytting etter kjønn og alder for gitte tidsperiodar.

Figur 14 viser inn- og utflytting for menn og kvinner i perioden 2007 til og med 2010. Bruttoflytting er vist ved heile linjer, positiv for innflytting og negativ for utflytting. Nettoflytting er vist ved stipla linjer. Flytting internt i Hardanger er ikkje medrekna.

Figuren viser kor mange som flyttar per alderstrinn. Følgjer vi grafen frå venstre til høgre ser vi først at småbarn flyttar meir enn barn i skolepliktig alder. Småbarn flyttar naturlegvis ikkje av seg sjølv, men saman med foreldra, og småbarnsfamiliar flyttar meir enn dei som har skolebarn. Deretter kommer massiv vekst i flyttinga frå 19-20-års-alder. Her ser vi at kvinner flyttar noko tidlegare enn menn, og ser vi på nettodata, ser vi at menn flyttar litt meir på seg enn kvinner. Menn flyttar òg i litt større grad *til* Hardanger enn kvinner, spesielt etter 26-27-års-alderen. Dette kan skuldast arbeidsinnvandring, men òg at menn kan vere mindre stadbundne enn kvinner etter samlivsbrot.


Figur 15 viser korleis flyttemønsteret for menn har endra seg dei siste åra. Dei to første tidsperiodane er nokså like (1999-2002 og 2003-2006), mens den siste perioden (2007-2010) skil seg frå dei to første. Figuren viser auka tilflytting av menn over 30 år, og den antyder redusert utflytting av menn mellom 28 og 35.

Dess mindre ein region er, dess meir bedragerisk kan slike tal vere, fordi om ein har mindre årskull, vil det òg vere naturleg at ein har mindre utflytting. Om vi reknar figur 15 om til relative tal (figur 16), forsvinn skilnaden i utflytting mellom dei tre årssetta. Samstundes blir tilflyttinga relativt sett større, og den kom tidlegare. Med unntak av 28-åringar var det for alle aldrar mellom 26 og 50 størst relativ innflytting i perioden 2007-2010.



Figur 14: Brutto- og nettoflytting etter kjønn og alder, total, 2007-2010  
Kjelde: PANDA





**Figur 15: Bruttoflytting blant menn etter alder (16-55), total, 1999-02, 2003-06, 2007-10**  
Kjelde: PANDA




**Figur 16: Bruttoflytting blant menn etter alder (16-55), prosent av innbyggjarar, 1999-02, 2003-06, 2007-10**  
Kjelde: PANDA


For kvinner ser vi òg endringar i flyttemønsteret mellom 2007 og 2010 i forhold til dei tidlegare åra. I absolutte tal ser vi litt høgare innflytting enn tidlegare av dei over 28, men tala skil seg ikkje markant frå dei tidlegare åra (figur 17). Av utflyttarar ser vi lågare tal utflyttarar for alle årskull under 40, med unntak av 32- og 33-åringar. Ser vi derimot på dei relative tala (figur 18), er det berre dei yngste kvinnene som har markant lågare utflytting enn tidlegare, men vi ser òg tydelegare auka innflytting blant dei mellom 26 og 33.

Den auka innflyttinga blant 30- og 40-åringar gir positive utslag på barnetala. Figur 19 viser nettoutflyttinga i tal innbyggjarar, og vi ser at grafane for 0- til 15-åringane speglar grafane for 30- til 45-åringane. I dei to føregåande periodane fluktuerar nettotala for desse to aldersgruppene rundt 0, mens vi har ein markant nettogevinst frå 2007 til 2010.


Der vi i det første kapitlet såg at Hardanger ikkje har hatt fødselsoverskot sidan år 2000, og i det andre kapitlet såg at Hardanger ikkje kan vente seg noko fødselsoverskot i framtida, ser vi i dette kapitlet at Hardanger dei siste åra har klart å få ei nettotilflytting av barnefamiljar. Dette skuldast ikkje tilflytting aleine, men vel så mykje redusert utflytting (som vist i kapittel 1). Om Hardanger klarar å halde den stabile (og til dels høge) nettotilflyttinga av barnefamiljar dei har hatt dei siste fire åra også framover, kan vi ha eit godt håp om at dei også framover får tilskot til den yngste del av befolkninga, sjølv om den samla befolkninga i snitt blir eldre. Kor vidt tilflyttinga (og stogga utflytting) av barnefamiljar er tilstrekkeleg for å stogge aldringa veit vi ikkje, men den er definitivt nødvendig.



**Figur 17: Bruttoflytting blant kvinner etter alder (16-55), total, 1999-02, 2003-06, 2007-10**  
Kjelde: PANDA



**Figur 18: Bruttoflytting blant kvinner etter alder (16-55), prosent av innbyggjarar, 1999-02, 2003-06, 2007-10**  
 Kjelde: PANDA



**Figur 19: Nettoflytting blant kvinner og menn etter alder (0-50), total, 1999-02, 2003-06, 2007-10**  
 Kjelde: PANDA

Tabell 1: Brutto flyttetotal, 2007-2010

		Flytting til																							
		1227	1228	1231	1232	1233	1234	1238	Sum Hard.	1235	5	1-4, 6-42	43, 46-49	44	45	50, 56-59	51	53	60-83	84	85-105	106-162	0	Sum u/ Hard	
Flytting frå	1227 Jondal		6	4	3	0	0	23	36	2	8	8	2	5	5	51	5	2	14	2	0	1	4	109	
	1228 Odda	4		77	9	1	1	5	97	11	77	141	12	76	94	196	27	37	13	18	0	19	46	767	
	1231 Ullensvang	0	101		6	1	3	19	130	14	24	89	13	28	29	161	16	10	20	2	1	4	18	429	
	1232 Eidfjord	1	2	8		1	0	5	17	11	8	15	1	8	6	35	0	3	19	3	0	3	18	130	
	1233 Ulvik	1	0	4	6		10	2	23	24	17	31	1	14	12	68	0	1	12	0	0	5	28	213	
	1234 Granvin	0	0	2	0	9		2	13	41	16	7	0	5	6	42	4	2	2	1	0	3	15	144	
	1238 Kvam	19	8	13	4	0	1		45	28	105	93	1	40	23	535	29	32	45	10	12	23	83	1 059	
	Sum Hardanger	25	117	108	28	12	15	56		131	255	384	30	176	175	1 088	81	87	125	36	13	58	212	2 851	
	1235 Voss	3	11	15	6	15	38	33	121																
	5 Osloregionen	4	48	22	5	14	6	51	150																
	1-4,6-42 Sør- og Austlandet u/Oslo	5	83	50	22	22	3	66	251																
	43,46-49 Rogaland unnateke 44 og 45	4	6	8	0	2	1	8	29																
	44 Stavangerregionen	1	47	10	4	12	5	46	125																
	45 Haugesundregionen	1	72	13	9	1	6	14	116																
	50, 56-59 Bergen ink. Austev. og Nordh.	56	129	81	58	56	29	459	868																
	51 Stordregionen	6	20	6	5	0	2	16	55																
	53 Kvinnherad (region og kommune)	13	22	6	0	2	0	20	63																
	60-83 Nordvestlandet	6	10	11	6	10	1	52	96																
	84 Trondheimsregionen	2	10	5	1	2	1	14	35																
	85-105 Trøndelag unnateke Trondheim	0	2	0	2	0	1	13	18																
	106-162 Nord-Noreg	1	21	8	1	6	0	32	69																
	0 Utlandet	30	256	248	56	71	34	403	1 098																
	Sum utflytting frå regionar u/Hardanger	132	737	483	175	213	127	1 227	3 094																

Krysstabellen viser brutto flyttetotal frå og til kommunane i Hardanger for åra 2007 til og med 2010. Kjelde: PANDA

”Flytting frå” er vist både med kommune- eller regionnummer, og kommune- eller regionnavn.  
 ”Flytting til” er berre vist med kommune- eller regionnummer.

Den del av matrisa som berre omhandlar flytting utanfor Hardanger er ikkje vist.

Tabellen er fullstendig, men flytting internt i kommunane er ikkje inkludert. Flytting internt i Hardanger inkluderer derfor berre flytting mellom kommunane. Personar som har flytta fleire gongar mellom kommunane/regionane i perioden vil vere talt fleire gongar.

Netttotal får ein ved å trekkje rad frå kolonne. Ullensvang har til dømes fått 13 innflyttarar frå haugesundregionen, men tapt 29 utflyttarar til same region. Det gir ei nettoutflytting på -16.

Fargene er lagd inn for å gjere det enklare å følgje kommunane sine rader og kolonnar.

**Tabell 2: Nettoflytting, 2007-2010**

		Flytting til																						
		1227	1228	1231	1232	1233	1234	1238	Sum Hard.	1235	5	1-4, 6-42	43, 46-49	44	45	50, 56-59	51	53	60-83	84	85-105	106-162	0	Sum u/ Hard
Flytting fra	1227 Jondal		-2	-4	-2	1	0	-4	-11	1	-4	-3	2	-4	-4	5	1	11	-8	0	0	0	26	23
	1228 Odda	2		24	-7	-1	-1	3	20	0	-29	-58	-6	-29	-22	-67	-7	-15	-3	-8	2	2	210	-30
	1231 Ullensvang	4	-24		2	3	-1	-6	-22	1	-2	-39	-5	-18	-16	-80	-10	-4	-9	3	-1	4	230	54
	1232 Eidfjord	2	7	-2		5	0	-1	11	-5	-3	7	-1	-4	3	23	5	-3	-13	-2	2	-2	38	45
	1233 Ulvik	-1	1	-3	-5		-1	-2	-11	-9	-3	-9	1	-2	-11	-12	0	1	-2	2	0	1	43	0
	1234 Granvin	0	1	1	0	1		-1	2	-3	-10	-4	1	0	0	-13	-2	-2	-1	0	1	-3	19	-17
	1238 Kvam	4	-3	6	1	2	1		11	5	-54	-27	7	6	-9	-76	-13	-12	7	4	1	9	320	168
	Sum Hardanger	11	-20	22	-11	11	-2	-11		-10	-105	-133	-1	-51	-59	-220	-26	-24	-29	-1	5	11	886	243

Krysstabellen viser netto flyttetall frå og til kommunane i Hardanger for åra 2007 til og med 2010. Kjelde: PANDA

Gevinst eller tap ved flytting mellom kommune/region er vist i radene. Døme: Odda sin nettogevinst ved flytting mellom Odda og Ullensvang er vist i andre rad, tredje kolonne (flytting frå Odda og flytting til Ullensvang har ein nettoverdi på 24 – dette er Odda sin gevinst i flyttematrisa) mens Ullensvang sin nettogevinst (tap) ved flytting mellom dei to kommunane er vist i tredje rad, andre kolonne.

Jf. tabell 1 for anna informasjon om tabellen.

## Flyttematrise, 2007-2010

Tabell 1 viser flytting inn og ut av kommunane i Hardanger for perioden 2007 til 2010, mot utlandet og andre regionar i landet. Tabellen er enklast å lese om vi tar utgangspunkt i raden "Sum Hardanger" først: Verdiane bortover i raden viser flytting *frå* Hardanger *til* dei ulike kommunane/regionane. Det er 25 personar som har flytta frå (dei andre kommunane i) Hardanger til Jondal, 117 som har flytta frå (dei andre kommunane i) Hardanger til Odda, osv, til 56 som har flytta frå (dei andre kommunane i) Hardanger til Kvam. Fordi flytting frå Hardanger *til* Hardanger går i null, er denne cella tom. Følgjer vi raden vidare bortover, ser vi at det er flest utflyttarar frå Hardanger til bergensregionen (1 088), og heilt til høgre ser vi at det i alt er 2 851 personar som har flytta *frå* Hardanger.

Går vi ei celle opp, ser vi at 1 059 av desse flytta frå Kvam. Dette er dei som har flytta frå Hardanger som kom frå Kvam. Talet gjeld ikkje *alle* som har flytta frå Kvam: dei som har flytta frå Kvam til ei anna hardangerkommune er talt i den raude kolonnen (flytting frå Kvam til Hardanger). I sum er altså talet utflyttarar frå Kvam  $1\ 059 + 45 = 1\ 104$ .

Ser vi da på kolonnane, er det tal på kor mange som har flytta *til* kvar kommune/region *frå* hardangerkommunane. Det har flytta fire stykk til Jondal frå Odda, ein frå Eidfjord, ein frå Ulvik, 19 frå Kvam, i alt 25 frå andre hardangerkommunar, og 132 frå utlandet og kommunar/regionar utanfor Hardanger. I alt var det 3 094 stykk som flytta *til* Hardanger. Størst tilflytting hadde Hardanger frå utlandet, og nest størst frå bergensregionen.

Nettotala for dette er vist i tabell 2. Hardanger hadde totalt eit netto flytteoverskot på 243 personar frå 2007 til og med 2010. Størst overskot hadde Hardanger frå utlandet (+ 886), nest størst frå Nord-Noreg (+ 11), deretter frå Trøndelag (+ 5). Mot alle andre regionane hadde Hardanger flytteunderskot. Størst mot bergensregionen (- 220), nest størst mot Sør- og Austlandet (- 133), og tredje størst mot osloregionen (- 105). Utan innvandring ville Hardanger hatt eit flytteunderskot på 643 personar over dei fire åra.

## Konklusjon

Innvandring er det mest synlege bidraget til folkevekst (eller minska folketalsreduksjon) for Hardanger, men det er ei rekke andre faktorar som spiller inn, og redusert utflytting er det viktigaste. Spesielt viktig er den reduserte utflyttinga mot bergensregionen dei siste åra. Flyttematrisene i førre kapittel viser at nettotapet til bergensregionen er størst, men òg at mobiliteten mellom bergensregionen og Hardanger er stor. Det kan derfor vere mykje å hente for Hardanger i å halde på stor innflytting frå bergensregionen, men redusere utflyttinga.

Men: Akkurat denne mobiliteten er det ikkje sikkert ein ønskjer å redusere. Det er naturleg at det er stor grad av flytting frå Hardanger til Bergen, fordi studentar treng å flytte nær universitet og høgskole, og det vil vere ein stor gevinst for Hardanger om dei klarar å få høgtutdanna hardingar til å flytte heim att etter endt utdanning. Derfor er det ikkje sikkert det er ønskjeleg å stogge mobiliteten mellom Hardanger og Bergen.

Noko har likevel hendt i den perioden *Flytt til Hardanger* har eksistert. Det er færre som flyttar frå Hardanger, det er fleire som flyttar til Hardanger, og det er spesielt kvinner og menn mellom 28 og 40 som flyttar til Hardanger, og dei tek med seg barn.

Hardanger har fått eit flytteoverskot av barn, og dette er viktig å halde på for å motverke aldringa i befolkninga. Etter SSB sin middelpågnose er gjennomsnittsalderen i Hardanger venta å auke frå 42 år i dag til 45 år i 2040. Vi trur ikkje det er *tilstrekkeleg* å ha eit flytteoverskot av barn, men det er definitivt *nødvendig*.

Etter at *Flytt til Hardanger* starta, kan vi ikkje sjå nokon (klar) samanheng av prosjektet på innanlandsk tilflytting, innanlandsk utflytting (anna enn til bergensregionen), utvandring, innflytting av personar under 28, eller utflytting av personar over 30, *men vi kan heller ikkje sjå nokon negativ utvikling i desse gruppene*. Dessutan ser vi (ganske klar) positiv effekt på innvandring, utflytting til bergensregionen, utflytting av kvinner og menn mellom 18 og 40, innflytting av kvinner mellom 28 og 40 og menn mellom 28 og 50, og innflytting av barn.

Eit negativt utviklingstrekk er teikn til at utdanningsnivået i Hardanger ikkje veks like raskt som før, noko vi berre har kommentert i ei fotnote fordi konsekvensar av flyttinga ikkje har vore tema her. Det er likevel verd å ha ei viss merksemd mot kva konsekvensar endring av flyttemønsteret kan ha. Når vi ser at unge kvinner i mindre grad enn før flyttar ut, kan det ha ringverknader for utdanning, (deltid)sysseletting, (skatte)inntekt, barnefødsjar, barnehagebehov, m.m.

Alt dette behøver ikkje vere negativt, og vi må konkludere med at første prosjektfase av *Flytt til Hardanger* – målt etter hovudmålet som er å oppnå ein positiv flyttestraum – har vore vellukka.